

Vurdering av mudringstiltak i Modalen kommune.

Tiltaket gjeld:

Ved utlaupet i Mofjorden har det i ei årrekke bygd seg opp ein sand/steinbanke med sediment frå elva. Desse sedimenta er no er av eit så stort omfang at den både hindrar båttrafikk til kai og småbåtbrygge. Samstundes utgjer den ein risiko for overfløyming/flaumskadar i Mo sentrum.

For å hindre vidare oppbygging av sediment og dermed gi betre tilgang for båttrafikk og redusere faren for framtidige flaumskadar i Mo sentrum, er det ynskjeleg å mudre arealet der sand/steinbanken ligg for å gje ei gjennomsnittsdjupne på 3 meter. Arealet som vert planlagt mudra er om lag 380 m², noko som resulterer i ca. 9500 m³ masse. Tiltaket er planlagt utført ved sugemudring frå båt der massen vert lossa på Modalen kommune si kai på Otterstadsida (nordsida av fjorden). Kommunen er i kontakt med grunneigarar som treng massane for å avslutte masseuttak i samsvar med vilkår sett i konsesjonen.

Om vassdraget:

Moelva er eit vassdrag som ligg i Modalen kommune og dels Vik/Høyanger kommunar i Vestland Fylke. Frå utlaupet i Mofjorden strekkjer elva seg ti km opp mot Steinslandsvatnet som er sju km langt og ligg 117 moh. Mofjorden er innte arm av Osterfjorden/Romarheimsfjorden – sjå fig. 1.




Fig. 1. Oversyn over vassdraget. Kartkjelde: www.nevina.nve.no

Vassdraget er bygd ut med i alt sju kraftverk, der største verk er Steinsland med 160 MW. Holskardvatn (846–796 moh.) øvst i Stølselva er overført til Evanger kraftverk i Voss kommune – sjå fig. 2 nedanfor.




Fig. 2. Oversyn over utbygd vasskraft i vassdraget. Kartkilde: www.Atlas.nve.no



Fig. 3. Sediment. Modalseva har utlaupet sitt til fjorden utanfor biletet til høgre. Biletet er nokre år gammalt.



Fig. 5. Sand/steinbanke ved utløpet i Mofjorden.

Vurderingar:



Fig. 6. Ein ser føre seg om lag slik utstrekning av uttaket.

Ynskt område for tiltak ligg innafor arealformåla bruk og vern av sjø og vassdrag. Vidare innanfor omsynssone for flaumfare i kommuneplanen.




Fig. 4. Utsnitt av kommuneplanen for Mo sentrum.

Ynskt område for tiltak vil råke inne del av nasjonal laksefjord, men det finns ingen registrerte sårbare/truga artar eller naturtypar innanfor området.

Elvedelta er verdfulle.

Deltaområde er funksjonsområde for sjøaure ig er viktig i samband med matsøk. Smolt som går ut held seg i området før den trekkjer vidare utover – også det for matauk. Det er òg slik at aure med lakselus trekkjer mot ferskvatn for avlusing. Med tanke på smoltvandringa, bør ein unngå arbeid i smoltvandringa som er i maii/juni. På denne tida er òg vassføringa venteleg stor og slik sett avgrensande i høve dette arbeidet på den årstida.

Sommar og vinter ved låg vassføring er nok best for å gjennomføre arbeid. Det er ikkje rogn i grusen i dette området pga stort innslag av ferskvatn.

Med tank på kulturminne finst det ingen registrerte kulturminne i området, men det er fleire registrerte SEFRAK bygningar og nokre lokalitetar for kulturminne i nærleiken av området.

Det er ikkje registrert ureina grunn i området.




Fig. 7. Oversyn over registreringar av nasjonal laksefjord, artar av nasjonal forvaltningsinteresse og kulturminne.

Avklaring av trong for undersøkingar:

Med unntak av areal til landbruk samt kraftverk langs Moelva, er det ikkje industri oppstraums tiltaket. Difor er det lite truleg at det vil finne stad ureining av noko omfang i massane.

02.02.2023 kontakta kommune NVE v/Bård A.S. Ottesen for ei førebels avklaring på om tiltaket treng konsesjon etter vassressurslova. Det vart førebels konkludert med at NVE lyt ha saka til uttale hjå dykkar SV-avdeling.

Etter samtalen med Ottesen og det uttaket som vart førespeglar han, er uttak masse (m³) auka monaleg, og vi torer be om at de vurderer dette uavhengig av den førebelse konklusjonen den gong.

Modalen kommune er i dialog med grunneigarar i høve å nytte massen i Modalen i massetak der uttaket er avslutta. Eit av desse ligg slik fig. 8 syner. Eigar ynskjer å avslutte massetak og dei bør då fyllast att. Det er stutt veg frå uttaksområdet til dette massetaket – om lag 300 m (Oddbjørn Trohaug). sandtaket ligg om lag 300 oppstraums tiltaksområdet på ela si høgre side sett medstraums – sjå fig. 8 nedanfor. Massetaksområdet er delvis attgrodd.




Fig. 8. Raud markering syner om lag kvar massen kan plasserast. Til venstre utlaupet til Moelva ut i fjorden.




Fig. 1. Plassering av området der mudringa er tenkt utført.

